

■ Tema: Branntryggleiken på Lindåstunet

Stadig meir forvirrande

Branntryggleiken på Lindåstunet ser ut til å verta stadig meir vrien å takla for Lindås kommune. Før formannskapet si behandling 25. august har det kome ein ny brannteknisk rapport på bordet. Strilen omtalar i dag ein brannteknisk rapport som Lindåstunet har fått frå Sweco i Bergen. Dei seier at det ikkje er behov for utflytting av bebuarar, det motsette av rapporten rådmannen i Lindås har fått

frå Skansen

Consult, eit anna selskap i Bergen.

”Vårt forslag er at Lindås kommune snarast kontaktar Fylkesmannen eller Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

Midt oppe i alvoret er situasjonen no nesten på grensa til det komiske. To rapportar frå private selskap slår

... Finaktar Skansen Consult, har



UTSTILLING: Søndag opnar ei utstilling i skulehuset ved utvandrarsenteret på Sletta, som ligg til høgre på biletet.

«Min første skuledag» på Sletta

Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

Det er snart skulestart, og Museumssenteret i Hordaland ønskjer i samband med dette velkomen til utstillingsopning søndag 14. august i det vesle skulehuset ved Vestnorsk Utvandringscenter.

Digitale forteljingar ved Museumssenteret i Hordaland jobbar med å få fram ulike samtidstema ved hjelp av enkle digitale midlar. Forteljingar som vert viste, er innsamla både frå enkeltpersonar og frå workshops som Digitale forteljingar har arrangert, går det fram av ei melding frå Museumssenteret.

Felles for forteljingane er at dei har fått i oppgåve å gje ei kort skildring av første skuledag og leggja med eit bilete.

I skulehuset på Sletta kan publikum få sjå forteljingar og bilete henta frå fleire ulike land og generasjonar. Utstillinga «Min første skuledag» tek utgangspunkt i ein felles kvardags-situasjon – det å vera ny i skulen.

Utstillinga skal gje publikum høve til å tenkja tilbake til korleis dei opplevde det å vera ny i skulen, og dei kan framleis bidra, fordi dette er ei veksende utstilling. Alle vert oppmoda om å ta med bilete av sin første skuledag når dei kjem til utstillinga.

– Føremålet for Digitale forteljingar er nettopp det å kunna ta med publikum i dokumenteringa av samtida – fordi vi er opptekne av å få inn eit variert spekter av kulturhistorie på demokratisk vis, seier kulturvitar Mariela Norheim.

– Ved utvandringscenteret er me glade for å få utstillinga hit. Me arbeider med migrasjon, og å oppleve å vera ny på ein stad eller i ein bestemt situasjon er jo nettopp eit viktig kjenneteikn ved det å vera på flyttefot, seier Ida Dyrkorn Heierland, avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringscenter.